Politikarspråket har mykje til felles med byråkratspråket, men viser nokre sermerke. Til dels er det meir kanselliaktig enn eit departementalt rundskriv, det held informasjon tilbake i større grad, eller forvirr kjensgjerningene meir. Samtidig har det større emosjonell appell enn språket til byråkraten, eller skal iallfall ha det. Politikarspråket er meir motsetningsfylt, noko vi idag lett kan høyre om vi lyttar på den nett avgåtte statsministeren, og ho som har blitt. Den nye verkar klarare, meir direkte, ho gir inntrykk av å formidle informasjon.

Men grunntrekka er like. Passivbruken, lange og «presise» formuleringar som berre fungerer i forhold til andre som alt er på bølgelengde mod avsendaren osv. er i stor grad den samme.

Om språket er motsetningsfylt, er politikarrolla det også i dag. Partia våre uttrykker klasseinteresser, til dels også interessene til undergrupper innanfor klassane. Dei har også eit klassegrunnlag i veljaropplutning, medlemstal,

kven som blir rekrutterte til tillitsverv m.v. Det kan vere samsvar mellom klasseinteressene og klassegrunnlaget, men det treng ikkje vere det. Arbeidarpartiet er t.d. framleis solid basert på eit arbeidarklassegrunnlag, men det er neppe interessene til arbeidarklassen som kjem til utrykk i politikken til partiet.

Men sjølv om partia har klare klassegrunnlag, oppfattar dei seg også som folkeparti, som felles for alle klassar. Dette (ideologiske) bildet har også fått ein realitet. Alle partia mobiliserer veljarar over klassegrensene. Det er faktisk gjerne dei veljarane partia klarer å mobilisere utanfor sitt eige klassegrunnlag, (Marginale veljarar) som avgjer kven som skal ha fleirtalet og makta.

Partia må altså klare å mobilisere nok støtte i sine eigne grupper til å motverke den mobiliseringa motparten står for, men samtidig må dei vere i stand til å vinne fotfeste i motpartens veljar- og klassegrupper. Dei skal altså også stå for reelle (men udiskuterte) klasseinteresser som kan meir eller mindre openlyst gå på tvert av interessene til klassegrunnlaget deira. I tillegg skal ikkje det dei seier, verke innhalds- eller meningslaust.

Å sameine alt dette er ikkje lett. Det er derfor svært viktig å kunne nytte seg av maktspråk for å knytte dette saman til ein ideologisk heilskap. Dette språket må altså vere så allment at ingen kjenner sine interesser truga (eller *meir* truga enn dei kjenner seg hos motparten), men samtidig la veljarane kjenne seg att så bra at dei gir partiet si støtte.

Partia i dag

Det partiet som har sitte som ein byråkratisk garanti i ein mannsalder i landet vårt, legg nok mest vekt på dei *negative* sidene ved maktspråket, dei som hindrar informasjon i å kome fram, dei som skjuler dei politiske vala partiet hadde måtta ta. Dette er altså ikkje tilfeldig, sjølv om det ikkje treng vere bevisst for dei som brukar det. Når partiet først er kome på defensiven, når det ikkje har så mykje å vise veljarane sine når det gjeld omfordeling og betring av livssituasjonen til veljarane, legg partiet vekt på det same som byråkratiet: Det er snakk om maskinmessig «handsaming», ikkje om politikk og alternativ.

Som vi har sett, verkar det ikkje – dette partiet klarer følgjeleg ikkje den positive sida av maktspråket, dei klarer ikkje å mobilisere til støtte for seg.

Opposisjonens fremste talsmenn klarer å mobilisere. Dei legg vekt på det positive, det som fremjar attkjenning, oppslutning. «Det er klart at» kan dei seie, og veljarane oppfattar det som klart. Men samtidig tilslører også dei interessevala. Den politiske usemja blir eit spørsmål om «misforståingar», manglande kunnskap eller inkompetanse. «Det trengs en fornying» heiter det.

Det er altså opposisjonen som i dag best klarer det språklege spelet med å *forvri* (eller halde tilbake) informasjon samtidig som dei *gir inntrykk* av å formidle informasjon.

Profesjonane

Vi har naturlegvis maktspråk også utanfor dette statleg/politiske området. Ekspertar er flinke maktspråkbrukarar. Her kan vi knytte oss til tenkinga kring *profesjonar* og profesjonalisering.⁵

Ei yrkesgruppe kan skaffe seg kontroll og makt over yrkessituasjonen sin ved å definere seg som *profesjon*. Med denne omdefineringa følgjer m.a. ein særleg måte å rekruttere medlemmer til profesjonen, ei særleg form for autorisert opplæring, eit særleg språk for profesjonen, måtar å skaffe seg klientar m.v., alt forskjellig frå profesjon til profesjon.

I samband med dette har vi sett den stadige veksten av nye profesjonsgrupper, og ein «krig» mellom desse. Sosiologane viser at det er viktig skille mellom dei gamle profesjonsgruppene (doktorar, juristar m.v.) og dei nye (sosionomar, sjukepleiarar).

Dei gamle bygger maktbasisen sin, og med det ideologien, på ei sjølstendig rolle («dei frie yrka») der indre samhald, individuell binding av klienten til den profesjonelle og inntrykk av fagleg autoritet dannar maktgrunnlaget. Språket kjem også inn her: Når doktoren nyttar sitt evige «Korleis kjenner vi oss i dag?», kan dette vere eit språkleg uttrykk for bindinga av pasienten til doktoren, pasienten «kjenner seg» bra eller dårleg helst i samarbeid med doktorens faglege kunnskap.

Bruken av latin i medisinen og markeringa av den enorme presisjonen i lovspråket, styrkar inntrykket av fagleg autoritet, kor hjelpeslaus klienten er overfor den profesjonelle, og kor viktig det er for den profesjonelle nettopp å vere medlem av profesjonen kollegiefelleskapen, for å kunne utøve yrket.

Ny-profesjonane

Dei nye profesjonane er ikkje så «frie». Dei bygger maktgrunnlaget sitt på den veksande rolla staten får som konfliktløysar i vårt stadium av kapitalismen, og det er i forhold til staten dei må markere seg som eiga gruppe.⁶ Derfor veks behovet for eit eige fagspråk fram. Kvar profesjon (eller gruppe som vil vere kandidat til noko så ærefullt og maktfullt) må ha sin eigen terminologi. Mens det språklege mønsteret i dei gamle profesjonane gjekk i retning av mest mogleg kollegialitet og samhald, går dei nye i retning av oppsplitting og «krig».

Tilhøvet til klienten kan vere ambivalent. Ofte kan den profesjonelle (t.d. sosionomen) ta klientens standpunkt mot styresmaktene, eller han kan tvert om representere statsmakta overfor klienten. Det er ikkje tilhøvet til klienten,

DEBATT:

Hjertesukk fra kateterstolen

I årevis har jeg hatt en vag, ekkel følelse av at vi gjør noe steingalt med språket vårt i norsk skole. Hele problemet fortoner seg mest som ei garnhessel med en mengde lause ender som en aldri får nøsta opp. Griper en fatt i ett spørsmål, nøster en seg ikke fram til noe svar, bare til et nytt spørsmål. Hvor svara er, har jeg bare en ubehagelig mistanke om.

Dette innlegget kommer derfor til å bestå av spredte, ustrukturerede tanker og spørsmål. Foreløpig veit jeg for lite om hvilke mekanismer som egentlig settes i gang i oss når vi lærer et skriftspråk. La meg bare våge en bastant konklusjon som utgangspunkt for de videre tankene mine: For norske skoleelever (og rimeligvis de fleste andre nordmenn/kvinner fra grasrota og oppover) fins det to varianter av det norske språket. Ikke nynorsk/bokmål, men muntlig/skriftlig. Så snart en passelig talefører norsk borger får et skriveredskap i handa, skjer det ei kortslutning slik at forbindelsen med det nedarva, innebygde, opprinnelige språket brytes tvert av.

Som illustrasjon passer det best å bruke eksempler fra sidemålsopplæringa. Jeg er norsk-lærer (i tillegg til mye annet) i grunnskolen og har dermed den blanda fornøyelsen å skulle lære bokmålsfolk å skrive nynorsk. Erfaringene mine skriver seg fra Nordland (Salten) og Telemark (Grenland). Begge er områder der det faller helt naturlig å basere sidemålsopplæringa på elevenes eget talemål. Det er bare ei innvending mot det, ei nokså sørgelig innvending: Sjøl om metoden er både naturlig og logisk, når den ikke fram. Jeg skal prøve å vise hva jeg sikter til ved å gi et eksempel fra Nordland.

Situasjon: Elevene har lært sterke verb av «y – au – o»-typen. (At stammevokalen blir o i perf. part. skulle jeg gjerne høre en fornuftig begrunnelse for, men den diskusjonen hører ikke hjemme her.) Læreren har masa fælt om preteritum som følger dialekta, eksempel er gitt, og elevene skriver stil. En elev, middels oppvakt, er i gang med ei hårreisende agenthistorie. Læreren vandrer rundt som konsulent, leser over skuldra på eleven: «— og han krøp på alle fire langsmed veggen —»

Læreren (peker): «Kraup» –?

Eleven (uforstående): Ja –?

L.: Bruker du å si «krøp»?

E.: Nææi, -æ si jo *kraup*!

L.: Ja, det var jo det du skulle skrive, husker du ikke det?

E.: Åhh –?

Sju minutter seinere, samme eleven, historia utvikler seg etter riktig 007-mønster: «Plutseleg var det nokon som skjöt —» (En merker seg at ord som *plutseleg* og *nokon*, som ikke hører

hjemme i den lokale dialekta, er «fornorska» uten at det er nødvendig)

Læreren: «Skjöt» –?

Eleven (oppgitt): Ja –?

L.: Hva sier du sjøl – når du snakker

E.: Javisst ja! *skaut* var det, ja!

Ny episode noe seinere, samme eleven, historia nærmer seg høydepunktet: «Da fekk han sjå eit lik som låg og fløt i bassenget —»

Jeg slutter her, enda denne føljetongen etter min erfaring ikke har noen ende. Vi opplever det samme omatt og omatt.

Dialekta i Grenland har færre felles trekk med nynorsk enn Saltenmålet har, men her er det også tilstrekkelig likhet til at opplæringa stort sett bør kunne baseres på talemålet. Det når ikke fram her heller. Alt i innføringa til substantivbøying blir elevene bedt om å lytte til den «indre stemmen»: *bilær* som blir til *bilar*, *syklane*, *husa* osv. Trass i dette får vi stadig inn skriftlig arbeid som vrimler av *jentar*, *husane*, *brevane* og liknende helt talemålsfjerne former. Under sensorarbeidet i sommer fikk jeg bekrefta at det ikke bare er ved «min» skole slikt forekommer:

«Ho fekk heldigvis stoppet toget»

«Ho klatret over på den andre sidan»

«Heldigvis blei ho oppdaget av togførarna»

Det rare er at det hovedsaklig er de språklige (=skriftlige!) svake elevene som fjerner seg slik fra talespråket. Reint logisk burde vel *de* mestre et talemålsnært skriftspråk best. Eller –?

Hva er det vi gjør med elevene våre i skolen? At vi «tar fra dem» talespråket kan det ikke være snakk om, for de bruker det uforfalska og upåvirka i tide og utide. Er det vi i skolen som svikter, eller er det Samfunnet, det uvesenet, som må ta skylda?

Jeg kan se ei rekke faktorer som på en eller annen måte må komme inn i bildet før dommen kan falle:

1. fra barna er små, får de språklig påvirkning i to retninger. Folk i lokalsamfunnet snakker dialekt. I barnetimer og barne-TV går det mye på normalisert språk. Foreldre og førskolelærere driver høytlesing fra bøker med «normalspråk». Blir holdninga til språk laga alt i småbarnsalderen?
2. Trass i at det er valgfrihet mellom radikale og moderate former, har jeg til dags dato ikke sett ei lærebok for grunnskolen med radikale former. (De forekommer rett nok i lesebøkene, men da har utgiverne funnet det nødvendig å opplyse i en fotnote at «Dette stykket har radikale former»!) I skolen forsterkes altså inntrykket av at å snakke er *en* ting, å skrive og lese noe helt annet.
3. Hva slags språk møter elevene når de sjøl vil begynne å lese? Fins det radikale former i barne- og ungdomsbøker, seriehefter, ukeblad, aviser? Svaret gir seg sjøl.
4. Unger er glade i underholdning, spesielt ko-

miske innslag fryder de seg over. Hvilke holdninger har underholdningsbransjen gitt folk opp gjennom tidene når det gjelder språk? Jeg noterer med glede at dialektene (iallfall noen av dem!) kommer til heder og verdighet i norsk pop-, vise- og lyrikksammenheng. Dessverre er jeg redd den gamle revy-holdninga sitter igjen i breie lag av folket: Skal en være sikker på en god latter, må en ty til de gamle fyllik- og vaskekjerring-sketsjene! Hovedpersonene blir latterlige fordi de er dumme og fordi de snakker vulgært. Både Oluf og Brattbakken er morsomme, men «ufarlige» fordi de snakker dialekt.

Problemet mitt er dette: Kan vi lærere i grunnskolen gjøre noe for å snu utviklinga? (For dessverre er det tegn som tyder på at det er ei utvikling i gang også her; vinden blåser i samme leia på dette området som ellers i samfunnet). Er det realistisk å tru at en stakkars lærer eller tre kan utrette noe når så godt som all skriftlig framstilling i samfunnet ellers arbeidet mot oss?

Har noen et trøstens ord å gi en oppgitt pedagog? Jeg får tilføye at det dessverre ser ut til at kollegene mine stort sett godtar stoda. Jeg forstår dem på en måte. Vi har en stressa arbeidssituasjon i skolen, og de fleste vegrer seg for å ta enda flere «hjertesaker» inn over seg – det er mange nok av dem fra før. Verre er det at en del bygger på fordommer og avfeier fullstendig legale talemålsformer som slurv og «sleivspråk».

Etter hvert har jeg oppnådd å få en del av elevene mine til å bruke flere radikale former, men noen holdningsdanning er det ikke snakk om. Med den stoffmengden vi har i norskfaget (og i alle andre fag) strekker ikke tida til for noen holdningskampanje. Og hva skjer når de unge og usikre elevene mine forlater skolen? Før eller seinere vil de komme i en situasjon hvor de blir nektet å bruke radikale former (jfr. Papazian og NRK!). Kan vi vente at noen av dem skal kunne stå imot det presset de blir satt under?

Jeg gremmes. Er jeg aleine om å stange hodet mot en vegg?

Marit Håverstad

«SPRÅKLIG SAMLING» ANALYSERES AV UNIVERSITETSBIBLIOTEKET

Bibliotekstjenesta i Norge er dessverre ikke så godt utbygd som en kunne ønske det. Til det er bevilgningene for små. Blant anna fins det ikke noen dekkende tidsskrift-analytt for nyere tid. En selektiv tidsskrift-analytt blei laga fram til 1965; de siste femten åra fram til vårt tiår har vi mangla et slikt hjelpemiddel fullstendig. Men fra og med 1980 har Universitetsbiblioteket på nytt gitt ut en kvartalsvis tidsskriftanalytt, *Norske Tidsskriftartikler*, som også dekker en del språkfaglige tidsskrift. Dessverre er den heller ikke mer enn selektiv, men desto gledeligere er det å se at *Språklig Samling* er blant de utvalgte språktidsskrifta som analyseres. Det viser at bladet vårt blir tatt alvorlig også som fagtidsskrift, og det hjelper til å gjøre innholdet i *Språklig Samling* kjent vidt utover den faste leserkretsen.

gw

Om Oslo-dominans og A-allergi i massemedia

Av Reidar Aavik

Eric Papazian gav (i nr. 1/80 av dette bladet) oss ei overraskende avsløring av den sterke Oslo-dominansen som bak kulissene bestemmer den daglige målbruken i Norsk Rikskringkasting – særlig i dagsrevyen og fjernsynet. Det var svært interessante opplysningar. Papazian er tilsett norsktekstar i Dagsrevyen for både bokmål og nynorsk. Det er da svært uredd gjort å bryte eit så sterkt norsk tabu og avsløre offentlig *kven* det er som sitter anonyme bak kulissene og bestemmer den Oslo-dominerte riksmålsreaksjonen i fjernsynet.

Det er altså dei tilsette sjefane som sitter på høge statslønner i ly av den tabubelagte språkneytraliteten og bedriver privat og høgrevridd riksmålsreaksjon mot naturlig norske folkemålsuttrykk og «sprogforurensning» av tradisjonelt bokmål med «vulgære og stygge» a-endingar og tvelydar.

Gamle upersonlige og livlause, tydelig danskprega riksmålsklisjear synes stadig anno 1980 å gjelde som mønster og norm for «pen og riktig» offentlig sprogføring ifølgje den sterke Bergens- og Oslo-dominansen i presse og kringkasting, som i det økonomiske, kulturelle og politiske liv. Sjefar og redaktørar i fjernsynet, som i den landsdominerande Oslo-prensa ellers, synes å sabotere norskopplæringa i skoleverket og demokratisk stortingsvedtatte fornorskingar av det tradisjonelle riksmålet frå dansketida, og skrur tilbake til før 1917-reforma

Når det i naturlig norsk dagligtale i by og på land blir sagt: «Brua over elva er sperra, og ferja går klokka sju om mårrann/mårånn i tida framover», så blir dette automatisk dømt som «stygt samnorsk og nynorsk» eller som «dialekt», og journalistane, som er allergisk mot a-endingar og stadig redd for dei riksmålsreaksjonære leasarane – stryker ganske enkelt alle norske a-endingar og «vulgarismer» og gjengir det i massemedia slik:

«Efter/etter at broen over elven er sperret avgår færgen klokken syv om morgenen i tiden fremover».

Kva gjør NRKs språkkonsulent bak kulissene?

Vi veit at det er professor i moderne norsk, Finn-Erik Vinje som er språkkonsulent for bokmål, og har til oppgave å tilrå og rette på den offentlige språkbruken i fjernsyn og radio i samsvar med stortingsvedtatte reglar for ordlister, lærebøker og statens kringkasting. Vinje og Olav Vesaas gjør i så måte ein god jobb i radioens programpost Språkrøret. Men merkelig nok nemner ikkje Papazian språkkonsulenten i NRK med eit einaste ord.

Etter Papazians uredde avsløring av Oslo-dominans og riksmålsreaksjon som føregår anonymt i fjernsynet – der eit ufolkelig danskprega

bokmål av den typen eg har referert stadig får grønt lys og fritt fram, mens naturlig folkelig norsk ordbruk blir kritisert og får rødt lys – må ein stille eit desto større spørsmål kva Vinje har å sei til norsktekstar Erik Papazians overraskande avsløring.

I Språkrøret er Vinje og Vesaas tydelig bundne av nøytraliteten i den tabubelagte norske språkstriden, og har vanskar med å holde tunga rett i munnen når Språkrøret får spørsmål om unorske riksmålsblomster som breier seg i offentleg språkbruk. Mens Vinje ofte og fritt kritiserer «anglosismer», «svedismer» og «moteord» i moderne norsk – det gjør jo også bokmåls- og riksmålssida – så tør han aldri kalle noe for «danismer»! Men eg sette kryss i kalenderen da Vinje rett på sak kalle eit finfornemt gammaldags klisjeuttrykk for «en riksmålsklisje med rot i dansk skrifttradisjon». Det var jo rett og godt sagt.

Eg har inntrykk av at tabuspørsmål som kjem borti den tradisjon eller språkstriden og det reaksjonære kravet i Språkrådet om gjeninnføring av gamle danskprega riksmålsformer, blir sensurert bort. Men Språkrøret er klart og greitt når det gjelder tilrådingane om omskriving av upersonlige og unaturlege danismer etter mønstre av naturleg og levande norsk dagligtale blant folk flest. Det er dette som er hovedretningslinjene for fornorskingsreformene og ordlister og lærebøker for godt bokmål og moderne nynorsk.

I hvilken utstrekning kan man forvente en beslutning til uken om deltakelse?

Eg har gjort meg ei mengd observasjonar og notat i dei siste åra om einsrettinga og steriliseringa av offentleg språkbruk frå den omtalte Oslo-dominansen. Eg må her avgrense meg til å peike på «en rekke» av dei mest dominerande «danske gjøkunger» som nå breier seg i det norske «sprogredet». Dei har forlenget skubba ut levande norske meiningsvariantar og hevdar eineretten. Dei er dessverre også i ferd med å trenge seg inn hos nynorsk-medarbeidarane i kringkastinga.

Alle vil kjenne igjen dei riksmålsdanske og unorske gjøkungene IMIDLERTID, FORØVRIG, FORVENTE, FORMENING, EN REKKE OG HVOR som tidskonjunksjon, samt slike gamle støvete klisjeer som å «BERAMME et møte» og å «TREFFE/FATTE EN BESLUTNING». – Eksempel:

«Forøvrig har man imidlertid ingen formening i hvilken utstrekning man kan forvente en løsning på en rekke problemer i en rekke industriforetagender i tiden fremover hvor ... Man håber imidlertid at ... vil fatte en tilfredsstillende beslutning til uken om å treffe en rekke tiltak ...»

Det er særlig rart og merkelig i desse kortfatta rasjonaliserings- og demokratiseringstider – at heile Norges land skal få seg daglig pådytta den slags gammalmodig, langtekkelig, forkludrande

og antidemokratisk uttrykksmåte i offentlig norsk språkbruk, såvel i publikasjonar frå Oslo-dominansen og toppfolka der som gjennom statens fjernsyn og radio.

Korfor er f.eks. det både korte og levande fellesnorske MEN trengt nesten heilt ut av den tungvinte lange og livlause riksmålsklisjeen IMIDLERTID – og ELLERS av FORØVRIG? Norske skoleelever og folk flest kan ikkje utan vidare høre eller sjå tydinga av eit papirord som i-midler-tid. Det snarare forvirrar enn opplyser. Især (spesielt!) når det blir plassert inni ei danskspråkleg setning som dette: «Forøvrig er man imidlertid av den formening at ...»

Korfor skal da Norsk Telegrambyrå, norsktekstarar for utanlandske byrå, Norsk Rikskringkasting og den dominerande Oslo-prensa – daglig presse på det norske folk eit konstruert unorsk danskprega sprog som i eksemplet ovafor?

Mekanisk einsretting av svake verb.

Den omtalte Bergens- og Oslo-dominansen har i dei seinare åra påtvunge «riktig bokmål» eit mekanisk einsretta ufolkelig bøyingsmønster for svake verb som er i åpenbar strid med skolens opplæring i bokmål og ikkje er å finne i offentlige ordlister for riktig rettskriving. Også dette har både offentlige tenestemenn og dei dominerande i kringkastinga og pressa kritikklaut lagt seg langflate for, og einsrettar daglig protestfritt heile det norske folk – «i en tid hvor» å bygge/bygget/har bygget og å leve/levet/har levet går for å være det riktige i offentlig språkbruk.

Ser vi etter i ei offisiell rettskrivingsordliste for bokmål, så oppdager vi at dette mekaniske unorske bøyingsmønsteret ikkje eingong er oppført som tillatt sideform. I Cappelens nyaste utgave av ordlista ved Bakke og Dalene står jamvel bygge/bygde/har bygd og leve/levde/har levd utheva med strek under. Og dette er jo i samsvar med levande og naturleg norsk folkemål i by og på land – bortsett frå den vesle språkøya i Bergen by.

Her må det være eit krysspress av fordom og allergi mot a-ord og folkemålsformer og engelsk innverknad og «snob value» som «er ute og går». Eg kan tenke meg at det er både Riksmålsforbundets bergenske blå ordliste og det enkle og lettvinde bøyingsystemet i engelsk med endinga -ed som har dominans og særlig «snob value» = snobbeverdi. *Innlegget er forkorta. Red.*

DET NYTTER!

I nr. 3 for i fjor etterlyste vi svar på brev som vi hadde sendt til Oslo kommune om navnet på en barnehage. I avisene hadde barnehagen blitt omtalt som *Oslogaten dag-hjem*, og LSS bad kommunen om å endre navnet til *Oslogata barnehage*, i samsvar med offisiell rettskriving, Oslo bymål og med hevdvunnen navnepraksis i Oslo.

Brevet blei sendt i januar 1980, og vi måtte vente helt til november før svaret kom. Men da det kom, var det med positivt innhold: Det korrekte navnet skal være: *Oslogata barnehage*.

Hva ble så departementets vise dom? Tja – jeg får vel si at jeg i prinsippet fikk medhold i at jeg *ikke* kunne pålegges å tekste «moderat», både av Departementet og Rådet. Men det er med en del reservasjoner som jeg ikke kan si meg særlig fornøyd med, for de etterlater fremdeles atskillig rom for vurdering og dermed for språkpolitisk press fra NRK's side på meg og andre. Både Departementet og Rådet skriver relativt utførlig i sine svar. Her skal jeg referere og kommentere det jeg mener er de viktigste momentene i de to uttalelsene, og begynner med det jeg liker.

I Språkrådets svar heter det bl.a. følgende, i samband med NRK's krav om at jeg skal bruke «moderat» bokmål: «Det foreligger ikke noe vedtak om en slik norm fra noen offisiell myndighet, og derfor heller ikke noen hjemmel for å kreve at en slik norm skal brukes. De som har skrevet til Dem på NRK's vegne, må ha ment at de har en bestemt praksis i NRK å holde seg til («de normer som ellers brukes av Dagsrevyens programmedarbeidere»). Men slik praksis kan neppe utgjøre et lovlig grunnlag for å pålegge en medarbeider å velge et bestemt sett former i sin teksting». Videre heter det at «Det bør altså etter vår mening ikke gjøres noe forsøk på å etablere en egen, trang norm for Dagsrevyen, men overlates til tekstene å variere formbruken slik vi har tilrådd». Den tilsvarende formuleringa i Departementets svar er denne (etter å ha referert retningslinjene for språkbruk i NRK, der det heter at «Den offisielle rettskrivning skal legges til grunn for teksting i Fjernsynet»): «Vi antar at de respektive programledelser på denne bakgrunn ikke kan gi generelle direktiver om bruk av snevrere normer enn den offisielle rettskrivning».

Dette ser jeg som hovedinnholdet i de to uttalelsene. Det er tydelig tale, og det gir meg medhold. Men så kommer reservasjonene. I Språkrådets uttalelse heter det bl.a. at det må være rimelig «at en legger seg på en midtlinje i rettskrivningsspørsmålet, med en viss slingringsmonn til begge sider. En bør altså unngå ytterligheter, enten det er i «konservativ» eller «radikal» retning. Hensynet til publikum bør veie tyngre enn hensynet til den enkelte medarbeider og hans/hennes språksmak. Med «ytterlighet» kan her forståes både en konsekvent gjennomføring av «radikale» eller «konservative» former og bruk av enkeltformer som er sjelden i bokmål». Et anna sted heter det at «Hensynet til publikum tilsier også at en ikke unødigg avviker i den skrevne teksten fra det som blir opplest». I Departementets uttalelse heter det at «Programledelsen må i enkelttilfelle kunne gi råd og foreta rettinger innen de regler styret har gitt, så lenge det ikke dreier seg om generelle direktiver, jfr. ovenfor». Videre viser Departementet til Språkrådets utsagn om at hensynet til publikum må veie tyngst, og at dette krever at den skrevne teksten ikke viker unødigg av fra talen.

Særlig i Språkrådets uttalelse er det uklare punkter. Hva vil det si at en «legger seg på en midtlinje», og hva er «ytterligheter»? Det siste prøver Språkrådet rett nok å presisere (jfr. sitatet). Jeg er enig i at det ikke bør være noe mål å forsøke på «en konsekvent gjennomføring av «radikale» eller «konservative» former», og det er iallfall ingen konsekvent radikal språkbruk jeg ønsker for meg sjøl. Men jeg synes ikke man kan forby det heller, om noen ville. Særlig fordi den språkbruken Dagsrevyen forlanger av meg og stort sett praktiserer, nettopp er en konsekvent gjennomføring av *konservative* former (for anledninga kalt «moderate» – det høres jo mer tilforlataelig ut). Ingen radikale sprell, takk! Publikum har talt – gjennom programledelsen i Dagsrevyen og fjernsynet.

Ja, publikum, ja. Begge uttalelsene legger vekt på at hensynet til publikum bør veie tyngre enn hensynet til at den enkelte medarbeideren skal få ri sine språkpolitiske kjepphester. I og for seg et rimelig synspunkt. Men hva tilsier så hensynet til publikum? Publikum sjøl sier jo ikke stort, bortsett fra noen konservative gamle gribebitere og profesjonelle «NRK-plagere» – folk av typen Stutum som bl.a. ikke tåler at Detektimen tekstes på «maulet». Slike folk behøver vi ikke – ja, *bør* vi ikke – ta hensyn til, etter min mening. Så hvem skal tolke publikums ønsker, hvem skal være folkets røst? Her kan jeg ikke se at programledelsen stiller med særlige kvalifikasjoner. Enhver går vel ut ifra at de fleste er fornuftige og mener som en sjøl. Så det er nok ikke publikums smak som står mot teksterens, men *programledelsens* mot teksterens.

I det hele tatt syns jeg at NRK med delvis tilslutning av Språkråd og Departement estimerer oss tekstere for lavt. Hva er det som får Departementet til å tro at programledelsen er kompetente til å «gi råd og foreta rettinger» i våre manuskripter? Tekstene er språkekspert; iallfall er vi ansatt som det, og mange av oss er det og. Det er mer enn man kan si om resten av staben. Tekstene er like kompetente til å vurdere si eiga teksting både stilistisk og språkpolitisk som programledelsen, og vel så det, skulle jeg tro. Vi burde få være ansvarlige for våre egne tekster så lenge ingen kan påvise feil i dem, enten språkfeil eller oversettelsesfeil. Så lenge tekstinga holder mål på disse punktene, skulle NRK ha sitt på det tørre, og innafor disse rammene bør tekstene stå fritt til å utforme tekstene. Det er en lite tilfredsstillende arbeids-situasjon å skulle la seg sensurere og diktere av en programledelse som ikke er det spøtt mer kvalifisert enn deg sjøl når det gjelder å vurdere språk og språkbruk, men som muligens har en annen smak enn deg, uten at det dermed er garantert at den er mer i samsvar med publikums.

Også når det gjelder viktigheten av samsvar mellom tekst og tale har både Råd og Departe-

ment godtatt NRK's synspunkter. Jeg kan ikke skjønne hvorfor dette skal være så om å gjøre, all den stund disse tingene aldri forekommer samtidig. Vi tekster jo ikke personer som snakker norsk, men folk som snakker utenlandske språk (bortsett fra døveteksting – og da legges det ikke vinn på samsvar mellom tekst og tale, har jeg merka meg. Bl.a. blir folk gjerne teksta på konservativt bokmål om de så snakker vestlandsdialekt). Det norske innslaget i samband med Dagsrevyteksting kommer foran og/eller etter tekstinga, ved programlederen, eventuelt også ved en norsk innledning til det aktuelle innslaget med utenlandsk tale. Så tekstinga spiller en relativt selvstendig rolle i Dagsrevyen. Vi gjengir ikke programledernes tale, og skulle heller ikke behøve å følge deres språk. Når folk kan godta at innslag på både bokmål og nynorsk følger på hverandre i en og samme Dagsrevy, så må de vel også kunne klare noen mindre variasjoner innafor hver av de to språkformene innafor samme revy?

Alt i alt syns jeg at Språkrådet og Departementet har vært for villige til å gi NRK innrømmelser som det ikke er noe grunnlag for. De burde ha holdt seg til sitt prinsipielle standpunkt uten forbehold. Forbeholda skal antakelig tjene som ei slags sikring, for å unngå «ville» tilstander og tøyle hemningsløse tekster. Men hva er det egentlig man er redd for? Hva risikerer man? Det «verste» som kan skje, er jo at en og annen tekster skulle finne på å skrive konsekvent radikalt. Er dette noe det norske folk for enhver pris må beskyttes mot? Tåler de ikke å se en og annen «stygg» form på skjermen? Har folk rett til å forlange å slippe å se ord som f.eks. *åssen* i et offisielt medium? Nå vil det neppe bli tale om noen massiv raddis-språkbruk i NRK i overskuelig framtid, det tror jeg trygt jeg kan si. De fleste NRK-folk er nok konservativt (eller «moderat») innstilt språkpolitisk, både blant tekstene og ellers. Det er vel ingen grunn til å tro noe anna enn at NRK-medarbeiderne representerer et gjennomsnitt av det norske folk mht. språkpolitisk smak og sympati. Det bør avspeile seg i tekstinga, og *vil* avspeile seg i tekstinga, viss vi blir stilt fritt. Jeg må si jeg syns myndighetene er alt for skuggeredde. Har riksmålspropagandaen skremt all vurderingsevne ut av dem?

Ellers heter det i Departementets svar at «Kringkastingsjefen vil kunne sette ned utvalg til å vurdere praktiseringen av de regler som er gitt, eventuelt med sikte på å endre reglene. Dersom det for hele eller deler av programvirksomheten er ønskelig å fastsette nærmere retningslinjer, må disse behandles av styret. Før styret fastsetter vesentlige endringer i retningslinjene, antar departementet det vil være naturlig at Norsk språkråd gis anledning til å uttale seg». Videre opplyses det at praktiseringa av NRK's språkregler nå blir vurdert av et utvalg i

NRK, og Departementet sier at «Det kan i denne forbindelse være ønskelig at styret i Norsk rikskringkasting nærmere definerer styrets ansvar for språkbruken etter § 6 i lov om kringkasting i forhold til de respektive programleders daglige ansvar for den språklige utforming i enkelte programmer og innslag». Så det ser ikke ut til at det siste ordet er sagt i dette spørsmålet, ennå.

STUDENTMÅLLAGET I OSLO STØR INITIATIVET FRÅ LSS OM Å FÅ BORT UTTALE-MARKERING I ORDLISTENE

På medlemsmøte i Studentmållaget i Oslo 14. oktober 1980 blei denne fråsegna samrøystes vedtatt:

Fråsegn om trykkmarkering i ord av fremmdt opphav i ordlistene:

Geirr Wiggen har gjort framlegg i Norsk Språkråd om at trykkmarkering i ord av fremmdt opphav skal takas bort i ordlistene. Kva tener slike markeringar til og kva for språksyn er dei uttrykk for?

Det er lovfest at elevar i norsk skole skal kunna nytte sitt eige talemål i skolesituasjonen. Altså fins det ikkje noe grunnlag for å drive talemålsnormering i skolen.

Trykkmarkeringar i ordlistene vil vera med på å stemple eit visst lydleg drag ved svært mange norske dialektar som gali og på det viset skapa grobotn for talemålsnormering. Ordlistene er i bruk i skolen og mange lærarar nyttar dei som autoritet for å syne at elevane si eiga uttale er galen. Dette gjer sitt til å skapa mindreverdskjensle hos elevane andsynes deira heimlege mål og kulturbakgrunn. Når ein jamfører dette med ideala bak mønsterplanen, om å skapa frie, trygge menneske, er det vanskeleg å sjå sammenheng. Vi kan seia at markering av trykk i ord av fremmdt opphav strir mot intensjonane for morsmålsopplæringa i den norske skolen.

Ved sida av å vera eit dialektmerke kan og trykkmarkeringa i fremmdord fungere som eit sosialt stigma. Medan talemålet i høgare sosiale sjikt har trykk som i ordlistene, har folkemålet ofte eit anna trykk etter vanlege trykkreglar for dialekten. Ei markering i ordlistene av kva som er rett, vil derfor kunna føre til at elevar som ikkje har «normalmålet» som talemål, vil få sitt språk presentert som gali i bøker som blir nytta som læretilfang i den norske skolen (ordlistene). Det kan ikkje vera rett at skolen er med på å forsterke dei sosiale skilnadene som fins i samfunnet.

Kvifor har vi rettskrivingsordlister? Sjølv sagt for å hjelpe elevane til å meistre skriftmåla, men rettskriving og uttale er to ulike område, og vi finn det ikkje rett at rettskrivingsordlistene skal gi andre reglar enn reint ortografiske. Det er ikkje ei oppgåve for skolen å bryte ned det naturlege talemålet til elevane. Derfor må det vera rett å følge Geirr Wiggens framlegg om å fjerne trykkmarkeringane i ord av fremmdt opphav i ordlistene.

For å nå fram til det breie lag av arbeidar-klassen, braut han opp den tradisjonelle teaterforma. Han starta Tramrørsla i Noreg, der han tok i bruk talekoret, flytta scena ut av teatersalongane og nytta seg av ungdomsgrupper, tramgjengar. Ideane hadde han henta frå bl.a. Stanislavskij og Meyerhold etter opphald i Sovjet. Med Dalgard fekk arbeidarrørsla eit verk-nadsfullt agitasjonsteater. Dette var ei grotid for arbeidarkulturen – med Dalgard som ei av drivkraftane, bl.a. gjennom tidsskriftet «Kamp og Kultur», «Sosialistisk Kulturfront» og «Samfunnsteatret» i Oslo. Arbeidarpartiet rykte fram på oppnorskingsvegen med rettskrivinga av 1938. Halvdan Koht med fleire andre hadde lagt eit klart ideologisk grunnlag for språk- og kulturpolitikken.

Gjennom eit halv hundreår var han ein kjær og verdfull del av Det Norske Teatret. Dette teatret måtte kjempe mot mange av dei same fordomane og mot den same undertrykkinga som arbeidarrørsla.

I teatret var Dalgard aktiv på mange felt, og påverknaden hans blei mangesidig. Først og fremst kanskje hans sosiale og politiske kunstprogram. Han sette opp mange stykke, forma etter moderne regi-idear. Mellom prestasjonane hans som instruktør kan nemnast «Ultimatum», «Matrosane i Caltaro» og Ørjasæters «Christophos».

Så seint som sommaren 1980 fekk siste stykket hans premiere, 50 meter under bakken i Olavsgruva på Røros. «Spel-Ola» heiter det, og handlar om gruva då den første opprøraren på verket reiste til kongen i København, i 1770, for å klage over umenneskelege vilkår. Dalgard visste sjølv ein god del om slitet frå anleggsarbeid i sine unge år. Den erfaringa glømta han ikkje.

Dalgard var også ein nybrottsmann i teater- og filmvitenskapleg forskning her i landet. Han har skrive ei omfattande teaterhistorie i to band «Teatret frå Aiskyles til Ibsen» og «Teatret i det 20 århundret». Elles har han skrive eit liknande verk om dramaet, og vidare eit teoriverk om filmdramaturgien.

Dalgard hadde sterk tru på filmen som kunststart, og han har hatt umåteleg mykje å seie for norsk filmlev. Han har æra for at arbeidarrørsla tidleg tok filmen i si teneste. Når det gjeld arbeidarfilmar, hører han til dei store veteranane i Europa. I dette arbeidet henta han idear m.a. frå Sergeij Eisenstein i Sovjet. Mange av arbeidarfilmane hans vart store suksessar, og fleire av filmane har fått ein sikker plass både i norsk og europeisk filmhistorie.

Han var sjølv anleggsarbeidar i ungdommen, og frå rallarmiljøet henta han stoffet til filmen «Samhold må til», som han laga for Landsorganisasjonen med skrivehjelp frå Martin Tranmæl. Filmen «Vi bygger landet» fekk stor appell til

veljarane i 1936-valet. Også filmen om fyrstikkarbeidarstreiken, «Det drønner i dalen» vart ein suksess. Seinare laga han «Lenkene brytes», også for fagrørsla.

Mest kjend er filmen som vart laga for LO til 40-årsjubileumet i 1939, «Det gryr i Norden», også det ein realistisk film om streiken til fyrstikkarbeidarane i 1889. Det var ein spanande spelefilm om den første store arbeidskonflikten som kvinnene i Noreg var med i.

Innan arbeidarrørsla var han ein ivrig og arbeidssam talsmann for folkemålet. For han var språkreiseing og arbeidarreiseing same sak. Språkreiseing var ein fridomskamp. Fekk ikkje arbeidsfolk tru på sitt eige språk og sine egne krefter, ville det aldri bli noko full frigjeri. Han gjorde forsøk på å knyta trådar mellom arbeidarrørsla og målrørsla. I målrørsla var han både surdeig og inspirerande miljøskapar. Han meinte at målrørsla måtte stø og samarbeide nærare med fagrørsla. På sine siste dagar var han sjølv med og gjorde opptaket til nytt samband. Han la alltid vekt på den sosiale sida ved målreiseinga. Det måtte vera hovudsaka, ikkje det nasjonale. Med si realistiske og sunne dømmekraft var han med og bauta målrørsla unna mange farlege bakevjer. Han såg klart at folkemålet først kunne få fullgod gjennomslagskraft når arbeidarrørsla reiste seg mot kuinga av sitt eige språk og sin eigen kultur. Då ville óg vegen fram til *eitt* folkeleg skriftspråk bli klart. Derfor følgde han vake med i den nye folkemålsbølgja – var den det endelege, avgjerande vendepunktet i språkspørsmålet for arbeidarrørsla?

Kampen mot nazismen og fasismen utover i 1930-åra kom til å bli ei hovudsak for så mange kunstnarar og kulturarbeidarar i arbeidarrørsla. Krigen stogga alt arbeid for kulturen og språket til arbeidar-klassen. Etter krigen kravde gjenreiseinga sitt. Under krigen sat Dalgard både på Grini og i det berykta nazistiske konsentrasjonslægrete Sachsenhausen. I fengselåra arbeidde han med ei diktsamling som kom ut etter krigen. Her skreiv han og manus til den glimrande filmen om fangelægra i andre verdskrigen, «Vi vil leve».

All sin dag arbeidde han som journalist, og produksjonen var svær. Hans særmerkte stil var klår og rett på sak. Det var noko saftig, orginalt og opprinneleg i skrivekunsten hans. Han sa ofte sitt om dei heite stridsspørsmåla i samtida, om «finkunsten», seksuell frigjeri, kritikarens oppgåve. Det galdt å kle av fordomane, avdekkje undertrykkinga. Dalgard må reknast mellom dei store kulturjournalistane i arbeidarrørsla.

Heller ikkje litteraturen har Olav Dalgard forsømt. Han er kjend som ein klok, kunnig og samvetsfull vegvisar i litteratur og drama. Etter hans meining var kritikken ein viktig del av den kunstnarlege skapinga. Eit kunstverk var først ferdig når det hadde nådd publikum. Og skri-

vinga hans gav leselyst. Han såg alltid med velvilje på all diktning som prøvde nye former. Hans omtale av arbeidet til andre var alltid innsiktsfull og varsam. Det at han sjølv var kunstnar, gjorde nok sitt til at han aldri glømt mennesket bak verket. I 1978 var han med på å skrive boka «Tankar om diktning» til Olav H. Hauge.

Han såg med glede at mange nye arbeidarforfattarar kom til i 70-åra, og at folkemålet igjen vann fram i litteraturen. I artiklar, kritikkar og foredrag gjorde han sitt til å skuve på og oppmuntre denne utviklinga.

Olav Dalgard var nysgjerrig, derfor treivst han særleg godt blant dei unge. Han kunne *lytta*, og såleis fann han alltid noko av verdi. Fleire generasjonar med diktarar står i gjeld til han. Få veit kor mange han var fødselshjelpar for.

Dalgard har gitt ut ei stor mengd bøker og litterære skrifter. Mellom dei mest kjende er dei to memoarbøkene «Samtid» I og II. Desse bøkene vitnar om at arbeidarrørsla- og målreisinga – skapte ei grotid på så mange vis. Han er smålåten med å teikne noko bilde av seg sjølv.

Olav Dalgard la aldri inn årene, og var seig til det siste. Alderen tok lett på han, tankekrafta var ubrotten heilt til slutt. Nett før han døydde, skreiv han fleire artiklar. Og han hadde vidare planar, m.a. om å få arbeidarrørsla, særleg fagrørsla, med på ei brei reising av kulturen og språket til arbeidsfolk. Han ville slå nye slag for arbeidarlitteraturen. Heilt til det siste var han søkjaren og fornyaren.

Jostein Tjore.

Olav Dalgard fekk Landslagets litteraturpris i 1978 for erindringsboka «Samtid II».

HELMER OG SIGURDSSON – KRIMINELT NORSK!

Den norske kriminalserien *Helmer og Sigurdsson* er på lufta igjen. Vi syns det er prisverdig at fjernsynet satser på egne alternativ til import-krim, men syns likevel det er på sin plass med litt malurt i det begeret som ifølge avisene ellers er fylt av medgang og godord. For hva sier ikke hovedrolleinnehaveren Alf Nordvang i et Dagblad-portrett 31. januar 1981? Han sier:

Suksessen skyldes etter min mening at vi har greid å lage en troverdig serie. Miljøet er ekte, vi holder oss på bakken.

Langt ifra. Miljøet er slett ikke ekte; i den nye seriens første episode 27. januar i år sviktet miljøskildringa fullstendig på et helt sentralt punkt: det språklige. Det er neppe skuespiller-

nes skyld, trulig heller novelle-forfatternes (Bing og Bringsværd) eller dreiebok-forfatterens (Nondor Hamza). De synes *ikke* å ha hatt den minste tanke for *språklig realisme*. Hvorfor lar de ikke nord-trøndere snakke nord-trøndsk? Har de ikke ant åssen nord-trøndsk mål er? Eller kanskje ikke engang at de snakker nord-trøndsk i Nord-Trøndelag? Det fins språk-konsulenter, som norske teatre ellers benytter seg av rett som det er.

I mange av 1930-åras norske filmer steg det ofte purt scene-riksmål fra «bøndernes» struper. Slikt virker bare latterlig i dag, og det burde være et lengst tilbakelagt stadium i norsk film. Derfor virker det sterkt forstyrrende og tillitssvekkende når nord-trøndsk bygdafolk, voksne som barn, står fram på fjernsynsskjermen i 1981 og uttrykker seg på det pureste Bærums-riksmål.

Nei, slikt skaper inga ekte miljøskildring. Den totalt manglende språklige realismen tjener filmserien og dens skapere til liten heder. For dem som ser filmene svekker den de kvalitetene de ellers måtte ha. Det store flertallet av norske seere er sjøl dialektbrukere og har nok en langt høgere bevissthet om språkvariasjonen i Norge og dens sosiale betydning enn skaperne av krimserien *Helmer og Sigurdsson* har hatt. Vi får håpe de sistnevnte skjerper seg i neste serie. For dette var mer kriminelt norsk enn god norsk krim.

gw

Vidar Guldal

til minne.

Like før jul døde Vidar Guldal knapt 60 år gammel. Han var en svært aktiv skolemann. Bl.a. var han rektor ved Skøyenåsen skole i Oslo og leda forsøksvirksomhet der. I 1974 blei han direktør for Grunnskolerådet. Helt fra 1963 har Vidar Guldal vært medlem av Landslaget for Språklig Samling. I flere år satt han som medlem av landsstyret.

Vi lyser fred over hans minne.

Olav Dalgard

Olav Dalgard var heile livet nært knytt til arbeidarrørsla. I bakgrunn og arv, i politisk syn og i personleg haldning hadde han mykje til felles med Martin Tranmæl. Som Tranmæl skjøna han at å frigjere og reise arbeidarklassen også måtte skje gjennom kultur, språk og kunst – ikkje berre det materielle. Arbeidsfolk måtte kome med på alle felt i samfunnslivet, dersom dei skulle nå full frigjeving. Og dei måtte stå ved sin eigen bakgrunn og kultur. Men så lenge folkemålet var undertrykt, ville språket bli ei lei hindring.

Olav Dalgard vart fødd 19. juni 1898 i Folldal – ei tradisjonsrik bondebygd. Han voks opp i ein sosialistheim med sterke og allsidige kunst- og kulturinteresser. Han tok med sterke inntrykk frå to sider av Dovre, Oppdal og Folldal. Begge desse dalføra er gamle ferdselsårer på overgangen mellom Trøndelagsbygdene og Austlandet. Dette er opne bygdelag, ved ein gjennomgang, med alt det inneber av påskuv til prøving og utveljing, skifte og utvikling. Med røtene i dette opne Fjell-Noreg, søkte han tidleg ut mot verdskulturen og verdskunsten.

Frå grunnen av levde han med i, og tok del i, den utviklinga som arbeidarrørsla har gått gjennom i mest heile dette hundreåret, med vel-dige omskifte, omveltningar og samanstøytar. Alt frå oppveksten hadde han i seg motsetningane mellom eit sosialist- og fritenkjarlivssyn og eit kristeleg-puritansk livssyn. Klasse-skilja var enno klare og nakne. Motsetningane og samanstøytane synest å ha kvesst han og klarlagt evnene og særpreget hans. Han var ein mangfaldig og samansett – ofte motsetningsfylt – natur.

Evnene hans gjekk i mange leier. Med stor iver og arbeidslyst sette han kreftene inn på mange ulike felt. Tyngden av arbeidet hans var delt mellom litteratur, teater og film. Han arbeidde aktivt som journalist, kritikar, forfattar, dramatkar, teater- og filminstruktør, omsetjar. Han ruvde og godt som folkeopplysningsmann

SPRÅKLIG SAMLING

Abonnement 30 kroner året
Skriftstyrarar: Ernst Håkon Jahr, Gabbrovn. 11,
9022 Krokeldalen. Tlf.: (083) 30 483
Torun Gulliksen, Bergvn. 21, Breisås, 3800 Bø
i Telemark. Tlf. (036) 60 691

Returadr.: Postboks 636, Sentrum, Oslo 1

og sterk agitator i arbeidarrørsla. Han var eit idemenneske – som ville praktisk handling for å gjennomføre ideane. Det kunne han best gjere ved å kjempe på fleire frontar samstundes.

Med sitt lynne for dramatisk kunst, kom teaterarbeidet til å fengsla han sterkt gjennom heile livet. Her og i filmarbeidet gjorde han kanskje den største innsatsen som skapande kunstnar.

I tretti-åra gav han ut eit agitasjonsskrift med eit program for eit sosialt og politisk teater. Han var alltid opptatt av å sameine teori og praksis. Som den søkjande natur han var, reiste han tidleg til utlandet og henta heim impulsar frå moderne teater og film. Gjennom flerie gjestingar i Moskva og Leningrad fanga han opp den russiske modernismen. Med glød og energi tok han i bruk dei nyvunne ideane om å nytte kunsten som agitasjons- og kampvåpen.

Over til s. 18

Innhold:

Eva Maagerø om Nøtterøyspørsmålet – en språksosiologisk undersøkelse.

Knut S. Vikør om Den ideologiske byråkraten og språket – mot ei politisering av maktspråksomgrepet.
m.m.

HUSK
BLADPENGER
FOR 1981

Postgiroblankett inne i bladet.